



TV2 er på leit etter eit gamalt gardsbruk mellom Ålesund og Stavanger for Farmen 2014 og ordførar Synnøve Solbakken har engasjert seg i leitinga. Ho opplysar i bloggen sin at ho arbeidar med å få ferdig eit prospekt før jul og skriv at Kvinnherad truleg har fleire alternativ. Spørsmålet er om Uskedalen har noko alternativ. Kan til dømes dei 2 Fjellandsbø-gardane vera aktuelle?

Det er natuleg nok ei rekkje kriteriar som må innfriast. Eit av dei er at hovudhuset skal romma 14 personar og det bør vera fjøs, låve og andre gardshus. Stikkord ellers er køyreveg, plass til overnatting for andre, fjord, fruktgard og vatn i nærleiken.

Ordføraren har allereie meldt inn kommunen sin interesse.

På dei 2 Fjellandsbøgardane bur det ingen fast lenger. Bruksnummer ein som Sigmund Myklebust eig har 40-50 mål innmark og eig 10 000 mål utmark saman med bruksnummer to. Fjellandsbøvatnet er endel av utmarka.

Naturen er storslått og imponerande med Nåso-veggane tett innpå.

Det ligg godt tilrette med vegadkomst og vegen kan trafikerast med buss heilt fram til brua under gardane.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen og Kvinnherad Fotoklubb

